



*Ragnhild Nygaard og Estrellita  
Cometa Rauan*

**Undersøking om  
foreldrebetaling i barnehagar,  
januar 2007**

Notater



# Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>2</b>
<b>2. Generelt om undersøkinga</b> .....	<b>3</b>
<b>3. Om tabellane</b> .....	<b>4</b>
<b>4. Definisjonar</b> .....	<b>5</b>
<b>5. Merknader</b> .....	<b>5</b>
5.1 Generelle merknader .....	5
5.2 Endringar i forhold til tidlegare rapportar .....	6
<b>6. Betalingssatsar i kommunale barnehagar</b> .....	<b>7</b>
6.1 Månadssatsar på landsbasis .....	7
6.2 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner .....	7
6.3 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner .....	8
6.4 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner .....	8
6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar .....	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis .....	8
6.7 Inntektsgradering .....	9
6.8 Friplass/rabattordningar .....	10
6.9 Syskenmoderasjon .....	10
6.10 Private barnehagar i kommunane .....	11
6.11 Talet på betalingsmånader .....	11
6.12 Kostpengar og tilleggsutgifter .....	11
6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	12
<b>7. Betalingssatsar i private barnehagar</b> .....	<b>12</b>
7.1 Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis .....	12
7.2 Inntektsgradering .....	13
7.3 Friplass/rabattordningar .....	13
7.4 Syskenmoderasjon .....	13
7.5 Talet på betalingsmånader .....	13
7.6 Kostpengar og tilleggsutgifter .....	13
7.7 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år .....	13
<b>8. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar</b> .....	<b>14</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>15</b>

## 1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar utan kostpenar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er på landsbasis respektive **2 017**, **2 235** og **2 289** kroner per januar 2007. Minimumssatsen ligg i gjennomsnitt på **1 400** kroner, medan maksimumssatsen er **2 318** kroner. 85 av dei 109 kommunane i prissamanlikninga i undersøkinga har ein maksimumssats som er den same som maksimalsatsen fastsett av Stortinget på **2 330** kroner frå januar 2007.

Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner har stige med om lag 3,0 prosent sidan august 2006. Betalingsatsane har per januar 2007 auka mest for familiar som betaler minimumssats grunna faktorar som mellom anna innføring av flate betalingsatsar og auka kostpenar og tilleggsutgifter.

Av dei 416 kommunane som har rapportert betalingsatsar per januar 2007 nyttar 23 prosent eit system for inntektsgraderte satsar, det vil seie satsar som er avhengig av hushaldet si inntekt. Flest kommunar har såkalla "flate" betalingsatsar. Alle kommunane byr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage. 81 prosent av kommunane gjer opp at dei private barnehagane i kommunen nyttar dei same moderasjonsordningane. Om lag 88 prosent av kommunane gjer opp at dei ikkje inkluderer kostpenar i sjølve opphaldsbetalinga, men at dei blir kravd inn separat.

60 prosent av dei private barnehagane i utvalet gjer opp at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330** kroner. 20 prosent av dei private barnehagane gjer opp at dei byr inntektsgraderte satsar og alle barnehagane i utvalet byr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn.

Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar utan kostpenar og tilleggsutgifter er på landsbasis **23 260** kroner per januar 2007.

## 2. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. I januar 2007 vart undersøkinga noko endra. Undersøkinga er ikkje lengre basert på ei utvalsundersøking blant kommunane, men på ei totalteljing av alle kommunane i landet. Data frå kommunane blir henta inn elektronisk gjennom det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (KOMMune-STat-RApportering). Skjema til kommunane er utvida med fleire spørsmål for tilleggsutgifter og moderasjonsordningar i barnehagane. Opplysningar frå dei private barnehagane blir framleis henta inn postalt frå eit representativt utval barnehagar. Skjema til dei private barnehagane er også utvida og omfattar i stor grad dei same spørsmåla som til kommunane. Datainnsamlinga blir gjennomført i både januar og august kvart år. Det vil frå 2007 bli laga ein rapport i året basert på data per januar og arbeidet med datamaterialet vil bli avslutta i juni kvart år.

Undersøkinga og rapporten omhandlar fulltidsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per januar 2007:

- betalingsattsar,
- talet på timar per veke for fulltidsopphald,
- moderasjon for andre og tredje sysken samt talet på barn med syskenmoderasjon,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- eventuelle tilleggsutgifter til for eksempel turar eller andre aktivitetar,
- talet på betalingsmånader,
- om dei nyttar eigne betalingsattsar for barn under 3 år,
- eventuelle rabatt-/friplassordningar,
- om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Kommunane med inntektsgraderte satsar må gje opp betalingsattsar for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Disse kommunane må også gje opp betalingsattsar på dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, i tillegg til minimums- og maksimumssattsar.

SSB gjer merksam på at betalingsattsar innan eit utval inntektsintervall samt informasjon om mellom anna syskenmoderasjon og talet på betalingsmånader vart publisert på kommunenivå gjennom KOSTRA og frigjort på internett; [www.ssb.no/kostra](http://www.ssb.no/kostra) 15. mars 2007 (ureviderte tal). Revidert datamateriale vart publisert 15. juni 2007. Vekta gjennomsnittstal på fylke og landsnivå blir berre publisert gjennom denne rapporten og ikkje gjennom KOSTRA.

Betalingsattsar frå dei private barnehagane blir henta inn frå eit utval på om lag 250 private barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei private barnehagane vart bedne om å gje tilnærma same opplysningar som kommunane.

### 3. Om tabellane

Dei tre første tabellane omhandlar betalingssatsar og betalingsreglar for kommunale barnehagar medan tabell 4 omhandlar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta. I utrekningar av gjennomsnitt blir også null inkludert som pris.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for august 2006 og januar 2007, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for august 2006 og januar 2007, og prosentvis endring i årsbetalinga. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at vilkåra for januar blir haldne uendra.

Tabell 3 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, 1992-2007. Tabellen inneheld utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1992 til januar 2007. Gjennomsnittssatsane for januar 2007 og tilbake til januar 2002 er vekta. Tidlegare vart gjennomsnittsutrekningar gjort med simpelt snitt.

Tabell 4 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen inneheld gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for august 2006 og januar 2007, samt prosentvis endring i satsane.

## 4. Definisjonar

Undersøkinga måler månadssatsar for fulltidsopphald over 41 timer per veke.

Definisjonar på fulltidsopphald kan variere mellom kommunar og mellom barnehagar innan kommunane. Kommunen må gje opp talet på timar per veke for den fulltidsordninga som ligg nærmast definisjonen ovanfor og som flest barn nyttar.

Inntektsgraderte betalingssatsar er betalingssatsar som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehagen sitt ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Tilleggsutgifter er utgifter for ulike aktivitetar og arrangement som i mange tilfelle kan tilkome utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar.

## 5. Merknader

### 5.1 Generelle merknader

Rapporten gir prisar hovudsakleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage).

Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling på dei ulike inntektsnivå i tabellane for dei kommunale barnehagane representerer punktobservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta, ikkje intervall. Gjennomsnittleg årsbetaling som ikkje er knytt til eit spesifikt inntektsnivå (sjå kapittel 8) er utrekna på grunnlag av betalingssatsar gjeve opp i førehandsdefinerte inntektsintervall slik at heile betalingssystemet i større grad blir fanga opp i dette gjennomsnittstalet. Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling i dei private barnehagane er basert på betalingssatsar gjeve opp i førehandsdefinerte inntektsintervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivå er vanskelig, men med mindre uvisse dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Etter at Stortinget innførte maksimalgrense på foreldrebetaling 1. mai 2004 blir satsane i stor grad endra i samsvar med endringar i denne maksimalsatsen. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i januar 2007.

## **5.2 Endringar i forhold til tidlegare rapportar**

Per januar 2007 vart det henta inn informasjon frå ei tilnærma totalteljing av kommunane i landet. For august 2006 ligg føre informasjon frå dei 109 kommunane frå utvalsundersøkinga. Kapitla og tabellane som omhandlar betalingssatsar og endring frå tidlegare periodar er basert på desse 109 kommunane. Omtale av sjølvbetalingssystema (kapitla 6.7-6.13) omfattar derimot alle kommunane som har rapportert per januar 2007, det vil seie 416 kommunar. Frå og med neste rapportering vil ei tilnærma totalteljing av kommunane danne grunnlaget også for betalingssatsane og endring i satsane.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målinger kan ha vorte endra i ettertid som ei følge av nye opplysningar. Gjennomsnittssatsane for januar 2007 og tilbake til januar 2002 er vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare.

Gjennomsnittlege tal frå perioden august 2006 i denne rapporten vil også kunne avvike frå tidlegare publiserte tal ettersom eventuelle tilleggsutgifter er inkludert i årsbetalinga frå og med denne rapporten.

Gjennomsnittlege tal for dei private barnehagesatsane frå førre periode, august 2006, vil også avvike frå tidlegare publiserte tal ettersom det frå og med denne rapporten er inkludert moderasjonssatsar for dei private barnehagane som nyttar dette.



## 6. Betalingsattsar i kommunale barnehagar


### 6.1 Månadssattsar på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månedssattsane utan kostpengar og andre tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar på landsbasis respektive **2 017**, **2 235** og **2 289** kroner per januar 2007. Satsane med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er 3,2 prosent høgare i januar 2007 enn i august 2006. Satsane med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner ligg 3,1 prosent høgare i januar 2007 enn i førre periode. Minimumssatsen utan kostpengar er i gjennomsnitt **1 400** kroner per januar 2007, medan maksimumssatsen er **2 318** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell 2a i vedlegget. Gjennomsnittleg månedssatts på landsbasis for hushald med to barn i kommunal barnehage ligg på respektive **3 391**, **3 755** og **3 844** kroner med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner. I forhold til satsane i august 2006 ligg månedssattsane i gjennomsnitt 2,6 prosent høgare i januar 2007. Prisoppgangen er lågare for hushald med to barn grunna ein auke i satsen for syskenmoderasjon i same periode.

### 6.2 Månadssattsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er høgaste betalingsatts på **2 330** kroner, som er maksimalsatsen fastsett av Stortinget per januar 2007. Høg betalingsatts for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med betalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingsattsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige sattsar. Lågaste betalingsattsar har Akershus med **1 514** kroner, Vestfold med **1 549** kroner og Rogaland med **1 565** kroner. Tala er illustrerte i figur 1, samt i tabell 2a i vedlegget.


Figur 1. Gjennomsnittlege månedssattsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2007.



### 6.3 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligg på **2 250** kroner eller over med berre unntak for fylka Rogaland, Buskerud og Sogn og Fjordane, sjå figur 2.

Figur 2. Gjennomsnittlege månadsatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2007.



### 6.4 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den lågaste betalingssatsen registrert i Rogaland med **1 944** kroner, sjå tabell 2a i vedlegget.

### 6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er lågaste og høgaste gjennomsnittlege månadsatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell 2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Akershus, Vestfold og Oslo med respektive **735**, **744** og **777** kroner. Oppland, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag har den høgaste minimumssatsen med betalingssatsar lik eller like oppunder fastsett maksimalsatt på **2 330** kroner.

85 av dei 109 kommunane i prissamanlikninga, det vil seie 78 prosent, har ein maksimumssatt som ligg på sjølve maksimalsatt på **2 330** kroner.

### 6.6 Årsbetaling på landsbasis

Forutan månadsattane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og andre tilleggsutgifter og talet på betalingsmånader. Med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **23 348** kroner i januar

2007, ein oppgang på 3,3 prosent frå august 2006. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med eit barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **25 743** og **26 338** kroner. I forhold til same inntektsnivå ligg årsbetalingane 3,2 prosent høgare i januar 2007 enn i august 2006. Tala er illustrerte i tabell 2b i vedlegget.


Årsbetalinga for to barn er i tillegg til dei faktorane nemnt ovanfor, avhengig av storleiken på syskenmoderasjonen. For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **39 609**, **43 612** og **44 599** kroner. I forhold til satsane i august 2006 ligg årsbetalinga for dei tre inntektsnivåa 2,7 prosent høgare i januar 2007. I likskap med månadssatsane har årsbetalinga for hushald med to barn i barnehage auka mindre enn årsbetalinga for hushald med eit barn grunna oppgang i satsen for syskenmoderasjon.

Årsbetalinga har auka mest for familiane som betaler minimumssats i januar 2007 grunna mellom anna innføring av flate betalingssatsar og auka kostpengar og tilleggsutgifter.

## 6.7 Inntektsgradering

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som kan by barnefamiljar med lågast betalingsevne ein reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling. Men kommunane er sjølve fri til å avgjere om dei ønskjer å by inntektsgradering i dei kommunale barnehagane og det viser seg at dei fleste kommunane nyttar eit system med såkalla "flate" betalingssatsar, det vil seie satsar som ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. 322 av 416 kommunar, det vil seie 77 prosent av kommunane som har rapportert, nyttar "flate" månadssatsar. Dei andre 94 kommunane (det vil seie 23 prosent) har inntektsgraderte betalingssatsar definert innafør sitt ordinære betalingssystem. 19 kommunar gjer opp at dei nyttar eit system for flate satsar, men på same tid gjer opp at dei byr friplassar innafør sitt ordinære betalingssystem. Desse kommunane er ikkje med i talet for kommunar med inntektsgraderte satsar. Det er stor variasjon i korleis inntektsgraderinga er utforma, både når det gjeld kva for inntekt det referer til, kor høg inntekt ein kan ha og storleiken på reduksjonen.

**Figur 3. Talet på kommunar som byr inntektsgraderte betalingssatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2007.**



Figur 3 viser som forventa at det er mest vanleg med satsreduksjon for hushald med dei lågaste inntekta. Det er viktig å merke seg at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall,

dermed er det mogleg at kommunane kan nytta fleire trinn i sitt system for inntektsgradering enn kva tala ovanfor viser.

Det er store regionale skilnader når det gjeld bruk av inntektsgraderte satsar. I Akershus fylke nyttar tilnærma alle kommunane graderte satsar, med berre nokre få unntak. Inntektsgradering er også mykje utbreidd i Rogaland og i Agder fylka. I tillegg er det mange kommunar på Sør-Austlandet (Østfold, Buskerud, Vestfold og Telemark) som bruker inntektsgradering. I fylka Nord-Trøndelag, Nordland og Troms er det derimot berre ein kommune som rapporterer at dei nyttar inntektsgradering. Det er også lite utbreidd på Vestlandet. Resultata viser òg at det er i dei fylka kor det er mest utbreidd med inntektsgradering at storleiken på reduksjon er størst. Samla sett av alle kommunane med inntektsgraderte satsar utgjør den lågaste betalingssatsen for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner om lag 40 prosent av maksimal sats i desse kommunane.

Det er særleg dei større kommunane som nyttar inntektsgraderte satsar. Blant dei 30 mest folkerikaste kommunane (talet på innbyggjarar over 27 800) nyttar om lag 63 prosent av kommunane inntektsgradering. Av dei 100 minste kommunane (talet på innbyggjarar under 2 070) er situasjonen det motsette, berre 9 prosent av kommunane nyttar graderte satsar. Dette resulterer i at nesten halvparten av alle barn i kommunale barnehagar tilhører ein kommune som byr inntektsgradering.

38 av 416 kommunar gjer opp at dei byr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet, men 19 av desse gjer på same tid opp at dei nyttar flate betalingssatsar. 8 kommunar gjer opp friplass som den betalingssatsen som flest barn nyttar for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner.

Ein del kommunar definerer sine inntektsgrenser målt i kroner, medan andre definerer dei i samsvar med Folketrygda si grunnbeløp. Etersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling.

## **6.8 Friplass/rabattordningar**

Kommunane har ulik praksis med omsyn til bruk av friplassar. 9 prosent av kommunane gjer opp at dei byr friplassar spesifisert i barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 77 prosent av kommunane byr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor, medan 56 prosent av kommunar byr moderasjonsordningar (reduert foreldrebetaling) utanfor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 33 kommunar gjer opp at dei har inga rabattordning forutan regelbunden syskenmoderasjon. Ein kommune har vedteke å by gratis barnehageplass til alle.

## **6.9 Syskenmoderasjon**

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal by i minimum 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2 og minimum 50 prosent for barn nr. 3 eller fleire. Per januar 2007 byr alle kommunane syskenmoderasjon. 65 prosent av kommunane nyttar syskenmoderasjon på 30 prosent for barn nr. 2, men fleire kommunar gir likevel meir i syskenmoderasjon - det er 27 prosent av kommunane som gir 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. 6 kommunar byr moderasjon under 30 prosent. Ingen nyttar moderasjon over 50 prosent for barn nr. 2.

I dei aller fleste kommunane aukar syskenmoderasjonen med talet på barn. 95 prosent av kommunane byr 50 prosent eller meir for barn nr. 3. 5 kommunar nyttar 100 prosent syskenmoderasjon medan 22 kommunar nyttar ein sats under 50 prosent. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på kostpengar.


Det kan vere av interesse å vite kor mange barn som får syskenmoderasjon i dei kommunale barnehagane. Per januar 2007 er det på landsbasis ca. 18 prosent av barna i dei kommunale barnehagane som får syskenmoderasjon som barn nr. 2, prosentdelen er langt lågare som barn nr. 3 med ca. 0,8 prosent. Ein mulig forklaring på den låge delen som barn nr. 3 kan ha samanheng med at

familiar som får fleire barn tett kan i større grad velje andre tilsynsordningar. Det er viktig å merke seg at desse tala kan vere noko usikre. For mange kommunar, særleg større kommunar, er det vanskeleg å skulle gje opp eit totaltal på barn med syskenmoderasjon i kommunen.

## 6.10 Private barnehagar i kommunane

Om lag 81 prosent av kommunane gjer opp at dei kommunale rabattordningane også gjeld for dei private barnehagane i kommunen. Av desse kommunane nyttar 18 prosent inntektsgraderte satsar gjennom det ordinære betalingssystemet. Det er mindre regionale skilnader når det gjeld bruk av kommunane sine moderasjonsordningar i dei private barnehagane. Om lag 12 prosent av kommunane gjer opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen.

**Figur 4. Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent. Januar 2007.**



## 6.11 Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste kommunane har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månedlege betalningar. Berre 5 av 416 kommunar nyttar ei anna ordning. 3 kommunar har foreldrebetalinga fordelt på 12 månader, medan 2 andre kommunar nyttar mindre enn 11 månedlege betalningar.

## 6.12 Kostpengar og tilleggsutgifter

Etter forskrift om foreldrebetaling kan kommunane krevje inn kostpengar utover maksimalgrensa og om lag 88 prosent av kommunane krev inn kostpengar separat. Kostpengar kan variere frå barnehage til barnehage og satsen som blir henta inn er ein gjennomsnittleg sats for alle barnehagane i kommunen. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane mellom fylke kan vere noko usikre. I gjennomsnitt blir det kravd inn eit beløp på i overkant av 170 kr i månaden for fulltidsopphald.

I tillegg er det ein del kommunar som krev inn andre utgifter utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar. Det kan vere utgifter til utflukter, ulike aktivitetar med meir. 11 prosent av kommunane gjer opp at dei krev inn slike utgifter. Det er noko usikkert i korleis grad undersøkinga fangar opp desse

utgiftene ettersom opplysningane er henta inn på kommunenivå og ikkje i den enkelte barnehagen. I gjennomsnitt blir det kravd inn et beløp på i overkant av 30 kroner per måned.

### 6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

Berre 8 av 416 kommunar har egne betalingssatsar for barn under 3 år per januar 2007.

## 7. Betalingssatsar i private barnehagar


### 7.1 Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis

For august 2006 og januar 2007 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

60 prosent av dei private barnehagane gjer opp at dei nyttar ein maksimumssats som følger fastsett maksimalsats på **2 330** kroner frå Stortinget. For dei private barnehagane er det ikkje henta inn betalingssatsar på ulike punktobservasjonar for ulike inntektsnivå, men for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Gjennomsnittleg månedssats og årsbetaling i dei private barnehagane er dermed i større grad basert på heile betalingssystemet i barnehagen. I tidlegare rapportar har barnehagane berre gjeve opp den mest brukte fullprissatsen, men frå og med denne rapporten vil også inntektsgraderte satsar som blir nytta i dei private barnehagane bli registrert i undersøkinga. Tal frå perioden august 2006 kan difor ikkje bli samanlikna med tidlegare publiserte tal for same periode.

Den gjennomsnittlege månedssatsen i private barnehagar utan kostpengar og andre tilleggsutgifter på landsbasis ligg på **2 259** kroner per januar 2007. Dette er ein oppgang på 2,4 prosent frå august 2006. Satsane varierer lite mellom dei ulike regionane frå **2 216** kroner i Agder/Rogaland til **2 284** kroner i Trøndelag og Nord-Noreg. Tala er illustrerte i tabell 4 i vedlegget.

**Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region. Private barnehagar. August 2006 og januar 2007.**



For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar for januar 2007 mellom **26 464** kroner i Agder/Rogaland og **27 349** kroner i Trøndelag. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet ligg på **26 786** kroner i januar 2007, som er ein oppgang på 2,4 prosent frå august 2006. Tala er illustrerte i tabell 4 i vedlegget.

For hushald med to barn i barnehage ligg gjennomsnittleg årsbetaling mellom **44 882** kroner i Nord-Noreg og **47 125** kroner i Trøndelag. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **45 727** kroner, ein oppgang på 2,4 prosent frå same tid i fjor.

## **7.2 Inntektsgradering**

Om lag 81 prosent av kommunane gjer opp at dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane. Av desse kommunane nyttar 18 prosent inntektsgraderte satsar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Legg ein utvalet av dei private barnehagane til grunn er det 20 prosent som gjer opp at dei byr inntektsgraderte satsar. I likskap med kommunane er det også for dei private barnehagane mest vanleg med "flate" betalingssatsar. Inntektsgraderte satsar synast å vere mest utbreidd på Austlandet og i Agder/Rogaland. Berre ein privat barnehage gjer opp at dei nyttar inntektsgraderte satsar i Trøndelag og Nord-Noreg.

## **7.3 Friplass/rabattordningar**

9 prosent av utvalet gjer opp at dei byr friplassar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Om lag 50 prosent av dei private barnehagane byr friplass eller andre moderasjonsordningar etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor.

## **7.4 Syskenmoderasjon**

Alle dei private barnehagane i utvalet gjer syskenmoderasjon. 83 prosent av utvalet byr 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. 4 prosent av utvalet byr ein lågare sats. 86 prosent gjer opp at dei nyttar 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 3, medan 10 prosent av utvalet nyttar ein lågare sats.

## **7.5 Talet på betalingsmånader**

Dei aller fleste private barnehagane (98 prosent) i utvalet har foreldrebetaling fordelt på 11 månadlege betalingar. Berre nokre få barnehagar krev inn fleire enn 11 betalingar, medan berre 1 barnehage nyttar mindre enn 11 månadlege betalingar.

## **7.6 Kostpengar og tilleggsutgifter**

74 prosent av utvalet rapporterer at dei krev inn kostpengar i tillegg til sjølve opphaldsbetalinga. Til samanlikning er det om lag 88 prosent som gjer opp det same av kommunane.

Også dei private barnehagane krev inn tilleggsutgifter. 32 prosent av utvalet rapporterer at dei gjer dette. Dette er klart høgare samanlikna med dei kommunale barnehagane der berre 11 prosent gjer opp det same. Etersom satsane i dei kommunale barnehagane blir rapportert på kommunenivå vil desse tala vere noko usikre. Vedtak på barnehagenivå vil ikkje bli fanga opp for dei kommunale barnehagane.

## **7.7 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år**

Tidlegare var det meir vanleg med egne satsar for barn under 3 år. Per januar 2007 er det berre 1 barnehage i utvalet som har dette.

## 8. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar

Gjennomsnittleg årsbetaling utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald for eit barn i kommunal barnehage ligg på landsbasis på **24 734** kroner per januar 2007. Mange barn i barnehage får ein rabatt i form av syskenmoderasjon. Gjennomsnittleg årsbetaling for barn nr. 2 ligg dermed på **16 339** kroner, medan tilsvarande tal for barn nr. 3 er på **11 992** kroner. Med omsyn til delen av barn som mottek syskenmoderasjon (sjå kapittel 6.9 Syskenmoderasjon for meir informasjon) gir dette ei reell gjennomsnittleg årsbetaling på **23 159** kroner i kommunal barnehage.

I dei private barnehagane er gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn utan kostpengar og tilleggsutgifter på **24 853** kroner per januar 2007, for barn nr. 2 og barn nr. 3 ligg årsbetalinga på respektive **17 008** og **12 660** kroner. I gjennomsnitt ligg årsbetalinga i private barnehagar på **23 379** kroner. Om ein tek omsyn til talet på barn i både kommunale og private barnehagane, ligg gjennomsnittleg årsbetaling i barnehagar på **23 260** kroner per januar 2007.

I motsetnad til tidlegare utrekna årsbetalingar for dei kommunale barnehagane er desse gjennomsnittstala i større grad basert på heile betalingssystemet til kommunane, ikkje berre på ulike punktobservasjonar. Det er likevel viktig å streke under at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed blir ikkje kommunane sine eigne betalingssystem fanga opp i sin heilskap (gjeld også for dei private betalingssatsane). Kostpengar og tilleggsutgifter er i tillegg trekt frå. Andre moderasjonsordningar utover inntektsgraderte satsar og syskenmoderasjon er ikkje inkludert i desse gjennomsnittstala. Friplassar blir fanga opp i den grad dei er ein del av dei inntektsgraderte betalingssatsane definert innafor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. Redusert betaling og friplassar som blir bydd gjennom sosialkontor eller andre organ fell utanfor. Per august 2006 er gjennomsnittleg årsbetaling i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter på **22 647** kroner. Dette gir ein auke på 2,7 prosent frå august 2006 til januar 2007.



## Vedlegg

**Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga**

Fylke	Talet på kommunar i fylket							
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% for barn nr 3	med kostpengar i tillegg	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjonsordningar <sup>1</sup>	med friplassar/moderasjonsordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
Østfold	17	4	13	15	17	15	13	15
Akershus	22	19	3	22	19	20	16	15
Oslo	1	1	0	1	1	0	1	1
Hedmark	22	2	20	17	19	21	16	18
Oppland	25	7	18	18	19	23	18	20
Buskerud	20	5	15	10	17	18	16	16
Vestfold	13	6	7	10	10	12	11	9
Telemark	18	8	10	7	14	16	12	17
Aust-Agder	13	5	8	6	12	12	8	11
Vest-Agder	15	7	8	8	12	15	9	9
Rogaland	25	15	10	18	20	20	16	24
Hordaland	32	1	31	26	29	28	27	31
Sogn og Fjordane	25	2	23	22	21	22	20	23
Møre og Romsdal	37	1	36	29	31	37	28	33
Sør-Trøndelag	25	7	18	16	21	23	14	23
Nord-Trøndelag	23	1	22	17	18	19	15	23
Nordland	40	-	40	15	30	27	28	33
Troms	25	-	25	9	22	19	16	22
Finmark	18	3	15	4	16	18	13	15
<b>I alt</b>	<b>416</b>	<b>94</b>	<b>322</b>	<b>270</b>	<b>348</b>	<b>365</b>	<b>297</b>	<b>358</b>
<b>I alt i prosent</b>		<b>22,6</b>	<b>77,4</b>	<b>64,9</b>	<b>83,7</b>	<b>87,7</b>	<b>81,1</b>	<b>86,1</b>

<sup>1</sup> 50 av 416 kommunar gjer opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen

**Tabell 2 a Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>					
aug.06	1645	2070	2250	2250	2250
jan.07	1685	2206	2309	2309	2309
<b>Pst. endring</b>	<b>2,4</b>	<b>6,6</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>
<b>Akershus</b>					
aug.06	721	1485	2178	2250	2250
jan.07	735	1514	2252	2327	2327
<b>Pst. endring</b>	<b>2,0</b>	<b>1,9</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>
<b>Oslo</b>					
aug.06	750	2000	2250	2250	2250
jan.07	777	2071	2330	2330	2330
<b>Pst. endring</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Hedmark</b>					
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
jan.07	2298	2298	2298	2298	2298
<b>Pst. endring</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>
<b>Oppland</b>					
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
jan.07	2330	2330	2330	2330	2330
<b>Pst. endring</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Buskerud</b>					
aug.06	922	2039	2039	2228	2228
jan.07	973	2103	2103	2306	2306
<b>Pst. endring</b>	<b>5,6</b>	<b>3,1</b>	<b>3,1</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>
<b>Vestfold</b>					
aug.06	694	1482	2229	2250	2250
jan.07	744	1549	2309	2330	2330
<b>Pst. endring</b>	<b>7,2</b>	<b>4,5</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>

**Tabell 2 a (framh.) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>					
aug.06	835	1905	2209	2250	2250
jan.07	863	1970	2284	2326	2326
Pst. endring	3,3	3,4	3,4	3,4	3,4
<b>Aust-Agder</b>					
aug.06	1156	1554	2243	2243	2243
jan.07	1264	1586	2281	2281	2281
Pst. endring	9,4	2,0	1,7	1,7	1,7
<b>Vest-Agder</b>					
aug.06	1267	1634	2229	2248	2250
jan.07	1312	1730	2328	2328	2329
Pst. endring	3,5	5,9	4,4	3,5	3,5
<b>Rogaland</b>					
aug.06	806	1524	1527	1890	2250
jan.07	1010	1565	1568	1944	2317
Pst. endring	25,4	2,7	2,7	2,9	3,0
<b>Hordaland</b>					
aug.06	964	2250	2250	2250	2250
jan.07	990	2322	2322	2322	2322
Pst. endring	2,8	3,2	3,2	3,2	3,2
<b>Sogn og Fjordane</b>					
aug.06	1982	1982	2137	2250	2250
jan.07	2053	2053	2214	2330	2330
Pst. endring	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6
<b>Møre og Romsdal</b>					
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
jan.07	2330	2330	2330	2330	2330
Pst. endring	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6

**Tabell 2 a (framh.) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>					
aug.06	2189	2242	2242	2242	2242
jan.07	2260	2316	2316	2316	2316
<b>Pst. endring</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>
<b>Nord-Trøndelag</b>					
aug.06	2238	2238	2238	2238	2238
jan.07	2319	2319	2319	2319	2319
<b>Pst. endring</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Nordland</b>					
aug.06	2250	2250	2250	2250	2250
jan.07	2254	2254	2254	2254	2254
<b>Pst. endring</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>
<b>Troms</b>					
aug.06	2228	2228	2228	2228	2228
jan.07	2309	2309	2309	2309	2309
<b>Pst. endring</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>
<b>Finnmark</b>					
aug.06	2235	2235	2250	2250	2250
jan.07	2315	2315	2330	2330	2330
<b>Pst. endring</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Heile landet totalt</b>					
aug.06	1345	1955	2167	2220	2247
jan.07	1400	2017	2235	2289	2318
<b>Pst. endring</b>	<b>4,2</b>	<b>3,2</b>	<b>3,1</b>	<b>3,1</b>	<b>3,1</b>

**Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>										
aug.06	20909	25584	27565	27565	27565	36389	44337	47705	47705	47705
jan.07	21406	27138	28273	28273	28273	37252	46995	48926	48926	48926
<b>Pst. endring</b>	<b>2,4</b>	<b>6,1</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>	<b>2,4</b>	<b>6,0</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>	<b>2,6</b>
<b>Akershus</b>										
aug.06	8957	17364	24984	25777	25777	15536	29826	42781	44129	44129
jan.07	9429	17993	26118	26938	26938	16432	30990	44804	46197	46197
<b>Pst. endring</b>	<b>5,3</b>	<b>3,6</b>	<b>4,5</b>	<b>4,5</b>	<b>4,5</b>	<b>5,8</b>	<b>3,9</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>
<b>Oslo</b>										
aug.06	8250	22000	24750	24750	24750	14025	37400	42075	42075	42075
jan.07	8547	22781	25630	25630	25630	14530	38728	43571	43571	43571
<b>Pst. endring</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,5</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
<b>Hedmark</b>										
aug.06	25999	25999	25999	25999	25999	44574	44574	44574	44574	44574
jan.07	26539	26539	26539	26539	26539	45494	45494	45494	45494	45494
<b>Pst. endring</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>	<b>2,1</b>
<b>Oppland</b>										
aug.06	26647	26647	26647	26647	26647	45735	45735	45735	45735	45735
jan.07	27588	27588	27588	27588	27588	47346	47346	47346	47346	47346
<b>Pst. endring</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>
<b>Buskerud</b>										
aug.06	10913	23206	23206	25281	25281	18154	37404	37404	40516	40516
jan.07	11495	23929	23929	26159	26159	19088	38576	38576	41921	41921
<b>Pst. endring</b>	<b>5,3</b>	<b>3,1</b>	<b>3,1</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>5,1</b>	<b>3,1</b>	<b>3,1</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>
<b>Vestfold</b>										
aug.06	9041	17706	25924	26153	26153	15697	29605	42310	42698	42698
jan.07	9597	18445	26811	27039	27039	16613	30815	43742	44130	44130
<b>Pst. endring</b>	<b>6,1</b>	<b>4,2</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>	<b>5,8</b>	<b>4,1</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>

**Tabell 2 b (framh.) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>										
aug.06	9797	21565	24908	25357	25357	16408	35554	40974	41648	41648
jan.07	10099	22272	25726	26187	26187	16906	36715	42315	43006	43006
Pst. endring	3,1	3,3	3,3	3,3	3,3	3,0	3,3	3,3	3,3	3,3
<b>Aust-Agder</b>										
aug.06	13641	18027	25603	25603	25603	23313	30770	43649	43649	43649
jan.07	14848	18385	26036	26036	26036	25348	31362	44369	44369	44369
Pst. endring	8,8	2,0	1,7	1,7	1,7	8,7	1,9	1,6	1,6	1,6
<b>Vest-Agder</b>										
aug.06	15319	19353	25900	26110	26130	26189	32924	43954	44310	44345
jan.07	15806	20411	26983	26983	27003	26975	34676	45744	45744	45774
Pst. endring	3,2	5,5	4,2	3,3	3,3	3,0	5,3	4,1	3,2	3,2
<b>Rogaland</b>										
aug.06	10302	18196	18229	22224	26187	17945	31279	31328	38114	44851
jan.07	12532	18634	18667	22805	26905	21731	32018	32067	39096	46067
Pst. endring	21,7	2,4	2,4	2,6	2,7	21,1	2,4	2,4	2,6	2,7
<b>Hordaland</b>										
aug.06	10705	24855	24855	24855	24855	18900	45077	45077	45077	45077
jan.07	10996	25651	25651	25651	25651	18725	43638	43638	43638	43638
Pst. endring	2,7	3,2	3,2	3,2	3,2	-0,9	-3,2	-3,2	-3,2	-3,2
<b>Sogn og Fjordane</b>										
aug.06	22948	22948	24656	25895	25895	39118	39118	42020	44128	44128
jan.07	23804	23804	25572	26853	26853	40588	40588	43594	45770	45770
Pst. endring	3,7	3,7	3,7	3,7	3,7	3,8	3,8	3,7	3,7	3,7
<b>Møre og Romsdal</b>										
aug.06	26025	26025	26025	26025	26025	44210	44210	44210	44210	44210
jan.07	26897	26897	26897	26897	26897	45676	45676	45676	45676	45676
Pst. endring	3,4	3,4	3,4	3,4	3,4	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3

**Tabell 2 b (framh.) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>										
aug.06	26440	27033	27033	27033	27033	45486	46494	46494	46494	46494
jan.07	27232	27844	27844	27844	27844	46841	47882	47882	47882	47882
<b>Pst. endring</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>	<b>3,0</b>
<b>Nord-Trøndelag</b>										
aug.06	26518	26518	26518	26518	26518	45604	45604	45604	45604	45604
jan.07	27403	27403	27403	27403	27403	47107	47107	47107	47107	47107
<b>Pst. endring</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>
<b>Nordland</b>										
aug.06	25406	25406	25406	25406	25406	42158	42158	42158	42158	42158
jan.07	25449	25449	25449	25449	25449	42230	42230	42230	42230	42230
<b>Pst. endring</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>
<b>Troms</b>										
aug.06	26635	26635	26635	26635	26635	45219	45219	45219	45219	45219
jan.07	27565	27565	27565	27565	27565	46782	46782	46782	46782	46782
<b>Pst. endring</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>
<b>Finnmark</b>										
aug.06	26352	26352	26515	26515	26515	42326	42326	42603	42603	42603
jan.07	27232	27232	27395	27395	27395	43715	43715	43992	43992	43992
<b>Pst. endring</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>
<b>Heile landet</b>										
aug.06	15895	22611	24943	25519	25824	27140	38574	42471	43429	43947
jan.07	16560	23348	25743	26338	26653	28223	39609	43612	44599	45135
<b>Pst. endring</b>	<b>4,2</b>	<b>3,3</b>	<b>3,2</b>	<b>3,2</b>	<b>3,2</b>	<b>4,0</b>	<b>2,7</b>	<b>2,7</b>	<b>2,7</b>	<b>2,7</b>

**Tabell 3 Gjennomsnittlige månedssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-2007<sup>1</sup>**

	Månedssatsar, utan kostpengar og tilleggsutgifter				Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter <sup>3</sup>						
	Månadssatsar, utan kostpengar		Årsbetaling, brutto inntekt kr.		Eit barn, brutto inntekt kr.		To barn, brutto inntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	
jan.92		1 961	2 123			22 133	23 903			34 730	37 406
aug.92		1 979	2 143			22 399	24 195			35 019	37 738
jan.93		2 002	2 180			22 615	24 566			35 490	38 450
aug.93		2 007	2 202			22 745	24 881			35 985	39 224
jan.94		2 082	2 273			23 499	25 589			37 223	40 402
aug.94		2 130	2 297			24 084	25 906			38 139	40 909
jan.95		2 169	2 344			24 446	26 371			38 715	41 639
aug.95		2 176	2 342			24 638	26 452			39 143	41 893
jan.96		2 229	2 403			25 151	27 053			39 937	42 817
aug.96		2 263	2 448			25 549	27 574			40 700	43 785
jan.97		2 339	2 527			26 497	28 544			42 406	45 532
aug.97		2 354	2 563			26 706	28 990			42 798	46 299
jan.98		2 404	2 619			27 153	29 498			43 405	46 999
aug.98		2 415	2 640			27 335	29 800			43 751	47 532
jan.99		2 525	2 758			28 612	31 155			45 978	49 875
aug.99		2 567	2 791			29 111	31 568			46 935	50 701
jan.00		2 629	2 857		2 946	29 756	32 251		33 206	48 041	51 871
aug.00		2 661	2 912		3 002	30 035	32 765		33 735	48 469	52 655
jan.01		2 723	2 985		3 074	30 809	33 671		34 627	49 780	54 168
aug.01		2 700	2 953		3 032	30 656	33 437		34 297	49 510	53 746
jan.02 <sup>2</sup>		2 644	3 095		3 179	29 696	34 625		35 535	47 845	55 394
aug.02		2 558	2 980		3 058	28 748	33 374		34 226	46 430	54 845
jan.03	1 565	2 579	3 008		3 097	17 855	33 666		34 646	29 231	46 851
aug.03	1 491	2 385	2 763		2 851	17 064	26 843		31 950	28 299	44 298
jan.04	1 480	2 360	2 731		2 805	16 986	26 648		31 529	28 401	44 806
aug.04	1 491	2 330	2 659		2 708	17 074	26 311		30 429	28 587	43 996
jan.05	1 514	2 356	2 691		2 741	17 498	26 746		30 923	29 663	45 215
aug.05	1 528	2 352	2 698		2 753	17 665	26 689		30 949	29 941	45 160
jan.06	1 289	2 010	2 199		2 257	15 166	23 076		25 742	25 739	39 040
aug.06	1 345	1 955	2 167		2 220	15 895	22 611		25 519	27 140	38 574
jan.07	1 400	2 017	2 235		2 289	16 560	23 348		26 338	28 223	39 609
Pst. endring jan.92-jan.07		2,9	5,3			5,5	7,7			14,0	16,6

<sup>1</sup> På grunn av ny informasjon kan data frå tidlegare målingar har blitt noko endra.

<sup>2</sup> Fra og med januar 2002 er gjennomsnittssatsane vektta i motsetnad til tidlegare der uvekta snitt har vorte nytta.

<sup>3</sup> Tilleggsutgifter er inkludert frå og med august 2006 og januar 2007.



Tabell 4 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar

Område	Månadssats utan kostpengar og tilleggsgifter			Årsbetaling inkludert kostpengar og andre tilleggsgifter		
	Eit barn			Eit barn		
	aug.06	jan.07	Endr. i pst.	aug.06	jan.07	Endr. i pst.
Austlandet	2201	2263	2,8	25974	26674	2,7
Agder/Rogaland	2207	2216	0,4	26153	26464	1,2
Vestlandet	2201	2260	2,7	26477	27098	2,3
Trøndelag	2211	2284	3,3	26808	27349	2,0
Nord-Noreg	2237	2284	2,1	26094	26873	3,0
<b>Heile landet</b>	<b>2206</b>	<b>2259</b>	<b>2,4</b>	<b>26161</b>	<b>26786</b>	<b>2,4</b>
				aug.06	jan.07	Endr. i pst.
				44220	45448	2,8
				44788	45381	1,3
				45788	46707	2,0
				46267	47125	1,9
				43533	44882	3,1
				<b>44661</b>	<b>45727</b>	<b>2,4</b>